

UKENS UTVALGTE!

Nyheter →

Joker Fogn opnar sjølvbetent butikk

Jobben med å få til ein sjølvbetent daglegvarebutikk på Fogn har gått i rekordtempo.



Butikksjef Gunhild Hovda Grønås i Joker Fogn **FOTO: PÅL RUNE GRØNÅS**



Sigbjørn Høidalen
Redaktør

Oppdatert: 1 dag siden

I påska vedtok styret i Joker Fogn at butikken skal bli sjølvbetent. Ein dryg månad seinare er teknikken på plass og alt klart for ein fullskala test.

– Det gjekk fortare enn eg hadde tenkt. Plutseleg var elektrikarane ferdig, seier butikksjef Gunhild Hovda Grønås.

ARTIKKELEN FORTSETTER UNDER ANNONSEN



Regjeres budsjett og prognoser
av en Regneark-konge?

Med smartere
programvare
kan det bli lagsport



Onsdag 8. mai klokka 19.00 går beteninga heim og kundane kan låsa seg inn for eiga hand med visakort.

– Dette gjer at folk kan handla òg i morgon, på Kristi himmelfartsdag, frå sju om morgonen til elleve om kvelden, seier Grønås.

Butikken testar ut systema, så dei held litt att på feiringa.

– Det blir ei større markering seinare, truleg mot slutten av mai, seier butikksjefen.

Dei betente opningstidene blir inntil vidare som før, det vil sei måndag til fredag frå klokka 9 til 19 og laurdag frå 9 til 18.

– Me ventar på svaret frå Statsforvaltaren om sjølvbetent ølsal, seier styremedlem Pål Rune Grønås i Fogn Handel AS:

– Me har teknikken klar. Kjem det ei endeleg godkjenning vil me kutta den betente opningstida med to timar. Som det er nå, så tør me ikkje gjera det. Ølsalet betyr så pass mykje for oss.

LES OGSÅ:

